

Takk for at regjeringa satsar på leselyst! Det gler meg også at skulebibliotek har fått så stort fokus i ordskiftet omkring leselyststrategien!

Eg heiter Lill Katrin Bødal og jobbar som biblioteklærar på ein barneskule i Oslo. Eg har bachelor i skulebibliotekkunnskap frå Universitetet i Agder i tillegg til lærarutdanninga.

På innspelsmøtet for leselyststrategien 22.mai understreka statssekretær Odin A. A Bohmann at regjeringa meiner alvor: «Lesing skal løftes på alle de måter en regjering kan: i lov, i strategi og i penger.». Dette er musikk i øyrene mine, men det store spørsmålet eg sit att med er: Dersom de verkeleg meiner alvor, kvifor kom ikkje følgande innspel frå eit samla skulebibliotekmiljø med i utkastet til ny opplæringslov?

§ 15-5 Skolebibliotek

Elevane skal ha tilgang til skolebibliotek ved eigen skole. Skolebiblioteket skal vere ein integrert del av skolen sitt pedagogiske virke.

Departementet skal gi forskrift om skolebibliotek som presiserer skolebiblioteket sitt føremål, bruk og innhald.

Eg forstår at ei endring i lova vil koste pengar, tid og ressursar, men det vil koste samfunnet meir om leselyst og leseferdigheit går ytterlegare ned. Eg trur nedgangen i leselyst og leseferdigheiter vil få konsekvensar for fleire område enn vi anar. Desse punkta illustrerer ein del av biletet:

- Lesing av skjønnlitterære tekstar stimulerer fantasiens og kreativitetens¹. Verdas økonomiske forum set kreativitet som ei av dei viktigaste ferdighetene i framtida for å kunne utvikle nye produkt, teknologiar og måtar å arbeide på².
- Forteljingar i ulike sjangrar er trening for empatien, og kan førebygge fordommar, noko som er avgjerande for eit demokratisk samfunn³.
- Gjennom lesing kan elevane få betre forståing for seg sjølv og andre, og forsking viser at lesing verkar positivt på helsa⁴, noko vi treng når det er aukande tendens til angst og skulevegring⁵. Skolebiblioteket kan også vere vegen tilbake til klasserommet for nokre skulevegarar⁶. Dette har eg sett døme på i eigen praksis.
- Skjermbruken aukar. Vi treng at elevane utviklar evna til å tenke kritisk og lese kritisk, spesielt i møte med digitale tekstar, men også i møte med bøkene. Denne opplæringa kan sikrast gjennom kvalifisert personale i skolebiblioteket.
- Lesing stimulerer språkutviklinga og gjev eit rikare ordforråd⁷.

1 Hennig, Å. (2019). Leselyst i klasserommet. Gyldendal.

2 Fullan, M., Quinn, J., McEachen, J. (2018). Dybdelæring. Cappelen Damm Akademisk

3 Andersen, P.T. (2019). Forstå fortellinger. Innføring i litterær analyse. Universitetsforlaget.

4 <https://jurnalen.oslomet.no/kultur/2013/10/nye-studier-viser-du-blir-friskere-av-lese>

5 <https://www.nrk.no/norge/xl/skolevegrerne-1.15845096>

6 https://www.oslo.kommune.no/getfile.php/13438187-1643981637/Tjenester%20og%20tilbud/Skole%20og%20utdanning/Rapporter%20og%20dokumenter/Skolebibliotek_kvalite

7 <https://utdanningsforskning.no/artikler/2022/a-lese-boker-betyr-mykje-for-sprakutviklinga/>

På bakgrunn av dette vonar eg at de ikkje slår dykk til ro med det midlertidige framlegg til ny opplæringslov. Det er no regjeringa verkeleg har sjansen til å skape ei endring som kan gjelde for alle dei framtidige medborgarane i dette landet. For vi veit at ikkje alle får skulebibliotek dersom det er opp til lokalpolitikarar, skuleleiarar eller rektorar. Det skaper berre større skilnadar. Vi treng eit skifte i skulesystemet og i samfunnet, og ein del av dette skiftet må vere å gje alle elevvar eit godt skulebibliotek. Gjennom gode skulebibliotek kan vi treffe alle. Leselyst må spikrast inn i lova på ein måte som treff alle.

Spørsmåla som regjeringa ønsker innspel på

1. Hva mener du/dere er de tre største utfordringene knyttet til lesing og leselyst?
 - Mangel på nasjonale føringar som kan sikre alle elevvar tilgang til eit godt skulebibliotek med kvalifisert bemanning.
 - Tid og ressursar. Lærarar hoppar over lystlesing, noko som får negative konsekvensar for alle fag. Mangel på øyremarka midlar til skjønnlitterære bøker og kvalifisert bemanning i skulebiblioteket.
 - Manglande evne til å lese konsentrert og halde ut i lange tekstar.
2. Hva vil være de tre viktigste målgruppene for strategien?
 - Elevar
 - Barnehagebarn
 - Barn og unge med særlege utfordringar og lesevanskar.
3. Hva bør de tre viktigste tiltakene i strategien være?
 - Skulebibliotek må sikrast på alle skular gjennom lov og forskrift. Det må lagast ein nasjonal standard som tydeleggjer kva eit skulebibliotek er og kva rolle skulebibliotekaren skal ha.
 - Kulturrådet si innkjøpsordning bør utvidast til å gjelde alle skulebibliotek.
 - Kompetanseheving for skulebibliotekarar/biblioteklærarar
4. Har dere gode eksempler på hva som bidrar til leselyst?
 - Ei rik boksamling med oppdatert og variert litteratur som treff alle
 - Ein kunnskapsrik formidlar som får litteraturen ut av hyllene
 - Tid til lesing
 - Høgtlesing: felles litterære opplevelingar, kjensle av samhald
 - Å velge bok sjølv i eit rom som innbyr til lesing
 - Ein skulebibliotekar som kan inspirere og bidra til å løfte lesing og litteratur hos elevvar og tilsett, bidra til å skape ein kultur for lesing på skulen.
 - Elevar som snakkar med kvarandre om bøker og lesing
 - Vaksne som les
 - Ein skulebibliotekar som får elevstemmen fram, som løftar fram elevane sine opplevelingar omkring litteraturen og gjer litteraturen relevant.

- Ein skulebibliotekar som sørger for at skulebiblioteket speglar mangfaldet i elevgruppa, og tek omsyn til interesser, lesenivå, språk, kultur og læreplan.
 -
5. Er det andre viktige områder vi må huske på?
- Å satse på skulebibliotek er å satse på leselyst! Men det krev nasjonale føringar som gjev varig endring for alle skular og alle skulebibliotek.